



Innsetjing av prest og prost

- 1 Ein prest og ein prost vert sette inn ved byrjinga av gudstenesta.
- 2 Til ledd 1 **Inngang** kan det skipast til ein prosesjon.

1 | **Inngang**

Når det er ringt saman, går prosesjonen inn i kyrkja under preludiet.

Preludium

Innsetjingssalme

2 | **Framstilling**

Den som skal innsetjast, går til lesepulten saman med ein medlem av soknerådet, som les kallsbrevet/tenestebrevet.

Etter dette går begge til plassane sine i koret.

3 | **Tale**

Den som står for innsetjinga, held ein kort tale over ein høveleg tekst, frå altaret eller lesepulten.

4 | **Bøn**

Den som vert innsett, kneler på altarringen.

Den som står for innsetjinga, går til altaret og seier, vend mot kyrkjelyden
Lat oss be om Guds signing over den nye medarbeidaren vår.

Vend mot altaret

Evige Gud, du som kan bruka veike og syndige menneske i di teneste, vi takkar deg fordi du kalla apostlane og grunnla di kyrkje på jorda. Vi bed deg, **velsign (namnet vert nemnt)** med din Ande, så *han* forkynner ditt ord klårt og reint og forvaltar dei heilage sakramenta med truskap. Hjlp oss alle til å tena deg med nådegåvene og evnene som du har gjeve oss, så vi saman kan byggja kyrkjelyden på den eine sanne grunnvollen, Jesus Kristus, vår Herre.

K | Amen.

Alle går til plassane sine.

Presten/Prosten som no er innsett, gjer teneste ved resten av gudstenesta, som held fram med Inngangssalme.